



**TIL TOPPS:** Jakob Ruud frå Sogndal og Anna Malthilda Øsleby frå Osterøy gjekk til topps i kåringa av årets lærling i bygg- og anlegg i vest. (Pressefoto)

## Jakob (19) er kåra til Årets lærling

**SOGNDAL:** Jakob Ruud frå Sogndal er årets lærling innan bygg- og anlegg på Vestlandet.

– Eg har fått prøva meg i fleire ulike prosjekt med forskaling og betongstøp. Verksemda har gjeve meg tillit som bas, og det synes eg har vore artig og lærerikt, seier Jakob. Han har gått på Sogndal vidaregåande skule og skal ta fagprøve til sommaren. Som lærling hos Veidekke Entreprenør har han vist så gode faglege ferdigheiter at han er blitt utnemnd til bas på prosjektet han jobbar på no, det nye bybadet i Ålesund.

«Som person er Jakob ein pådrivar på byggeplassen. Han har vist at dette hån-terar han som om han var vore fagarbeidar i mange

år» kjem det fram i ei pressemelding.

### Hard konkurranse

Det er verksemdene som nominerer dei beste kandidatane til tevlinga om å verta «Årets lærling». Deira fråsegner om kandidatane sine faglege kvalifikasjonar og personlege eigenskapar, vert vurderte og bedømte av ein uavhengig jury i bransjen.

– Eg er imponert over det faglege nivået til kandidatane, og over innsatsen leiarar og instruktørar i verksemdene gjer for å utdanna dyktige fagarbeidarar, sa Mads Wiik Kleven som representerer fellesforbundet og styra i opplæringskontora Byggopp i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Anders Huke  
anders@sognavis.no

### Fødde



18. august kom Heine til verda på KK i Bergen. 3975 gram, 52 centimeter og heilt perfekt! Anna og Tone er stolte storesøstre og me er stolte foreldre. Lise Kvam og Even Holst, Leikanger.

### Me gratulerer

REGINA YLVISÅKER 11 år!  
Hipp, hurra for verdens beste Regina som blir 11 år!  
Du er ei super jente, som me er så glad i!



Bursdagsshelsing frå Ronja, Malin, mamma og Arild.

### Bygdanytt

**Tysdag 3. desember**

**85 år**

Øyvind Aarehun, Lærdal  
Jostein Tveit, Feios

**80 år**

Kirsten Gjerde, Vik i Sogn

**75 år**

Terje Sandnes, Årdalstangen


**70 år**

Lillian Jorunn Fjellstad  
Sørensen, Lærdal

**50 år**

Kjetil Hov, Årdalstangen

## Lesarbilete



Nydeleg novemberdag i Sogndalsdalen. (Foto: Bente Teigen)

# Alter

Spanderer

**ÅRDAL: Kafeteriaen Samhold lever opp til namnet og inviterer alle ufrivillig einsame til julemiddag på julaftan.**

– Me ynskjer å gje noko tilbake til bygda og inviterer dei som er åleine, men som ikkje ynskjer å vera det, til mat og drikke på julaftan. seier Henrik Rønningen, dagleg leiar på Samhold.

### Godt motteke

Saman med innkjøpssjef Jan Tore Hauge, laga han til ei alternativ jul også i fjor. Då møtte det 12 personar.

– Det har berre vore godord å høyra i etterkant, seier Hauge.

– Så me reknar med at dei fleste av dei kjem att og vonar på endå fleire. Men om det skulle berre koma ein, så går det greitt også. Då har me gjort den personen glad, det er det viktige.

### Hektisk

Dei to får ein travel dag på julaftan. Dagen startar med å le-

**UKO**

Løysing på siste side

						1		
3		7				6		
		6			7	4	8	9
		4			8	9		
	6			5	1			
	8							3
9						7		
			7		9			
			2	1		5		

★★★★☆

## Annonsefristar gratulasjonsannonser

er kl. 10.00 dagen før innrykk.  
Til måndagsavisa er fristen fredag kl. 12.00.  
Prisar: Inntil 6 linjer kr 150,- og 6–10 linjer kr 250,-.  
Over 10 linjer etter avtale.

Gratulasjonsannonser utan rekningsadresse vert ikkje sette inn.

**Sogn Avis**